

## Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
014/16	Formannskapet	PS	28.01.2016
014/16	Kommunestyret	PS	18.02.2016

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Helge Dyrkolbotn	FA - F39	14/568

### Busetting av einslege mindreårige flyktningar

#### Vedlegg

Oppmoding om busettingar av flyktningar i 2016

Statlig refusjon av utgifter til kommunale barneverntiltak for enslige mindreårige asylsøkere og flyktninger Q 05 2015

#### Framlegg til vedtak:

Austrheim kommunestyre gjer vedtak om å ta i mot totalt 5 einslege mindreårige flyktningar i 2016/2017. Borna skal etablerast i bufellesskap.

Rådmannen får fullmakt til å setje i gang arbeidet med å førebu dette så raskt som råd. I dette ligg mellom anna:

- Opprette dialog med Bufetat med tanke på å ta i mot 5 einslege mindreårige flyktningar
- Etablere organisasjon og tilsette fagpersonar som skal arbeide med mottak og seinare drift av bufellesskapet
- Skaffe eigna husvære, enten bygge sjølv, leige eller kjøpe dette. Skal liggja i nærleiken av eit av skulesentra i kommunen, fortrinsvis i kommunesentrum.
- Finansieringa skal så langt som råd gjerast innan dei rammer og tilskot som vert gjeve frå styresmaktene

#### Formannskapet - 014/16 - 28.01.2016

#### FS - behandling:

Framlegg frå Jorund Stellberg til nytt 3. kulepunkt:

Eigna husvære kan etablerast enten gjennom å byggje sjølv, leige eller kjøpe. Dei ulike alternativa skal leggjast ut på anbod, og endeleg tilråding vert lagt fram for formannskapet til avgjerd.

**FS - vedtak:**

Austrheim kommunestyre gjer vedtak om å ta i mot totalt 5 einslege midreårige flyktningar i 2016/2017. Borna skal etablerast i bufellesskap.

Rådmannen får fullmakt til å setje i gang arbeidet med å førebu dette så raskt som råd. I dette ligg mellom anna:

- Opprette dialog med Bufetat med tanke på å ta i mot 5 einslege mindreårige flyktningar
- Etablere organisasjon og tilsette fagpersonar som skal arbeide med mottak og seinare drift av bufellesskapet
- Eigna husvære kan etablerast enten gjennom å byggje sjølv, leige eller kjøpe. Dei ulike alternativa skal leggjast ut på anbod, og endeleg tilråding vert lagt fram for formannskapet til avgjerd.
- Finansieringa skal så langt som råd gjerast innan dei rammer og tilskot som vert gjeve frå styresmaktene

**Kommunestyret - 014/16 - 18.02.2016****KS - behandling:**

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteke.

**KS - vedtak:**

Austrheim kommunestyre gjer vedtak om å ta i mot totalt 5 einslege midreårige flyktningar i 2016/2017. Borna skal etablerast i bufellesskap.

Rådmannen får fullmakt til å setje i gang arbeidet med å førebu dette så raskt som råd. I dette ligg mellom anna:

- Opprette dialog med Bufetat med tanke på å ta i mot 5 einslege mindreårige flyktningar
- Etablere organisasjon og tilsette fagpersonar som skal arbeide med mottak og seinare drift av bufellesskapet
- Eigne husvære kan etablerast enten gjennom å byggje sjølv, leige eller kjøpe. Dei ulike alternativa skal leggjast ut på anbod, og endeleg tilråding vert lagt fram for formannskapet til avgjerd.
- Finansieringa skal så langt som råd gjerast innan dei rammer og tilskot som vert gjeve frå styresmaktene

**Saksopplysninger:**

## Bakgrunn

Flyktningesituasjonen i Norge gjer at UDI og Fylkesmannen oppmodar kommunane om å ta imot fleire flyktningar, også einslege mindreårige som no sit i mottak. I brev datert 20.11.15 frå fylkesmannen i Hordaland vert Austrheim kommune oppmoda om å ta imot 12 flyktningar i 2016, der minst 3 er einslege born og unge. I 2017 er kommunen bed om å ta imot minst 14 flyktningar, der minst 5 er einslege born og unge. Det har vore ei stor auke i talet på einslege born og unge under 18 år (einslege mindreårige) som skal busett i 2016. ein reknar med minst 4 400 i 2016 og plantala for 2017 er oppjusterte til minst 7000 einslege mindreårige. Om lag 20 % av desse er under 15 år.

I Rogaland/Hordaland/Sogn og Fjordane er det 200 einslege mindreårige under 15 år som ventar på plass. Kun 15 har fått flytta ut i ein kommune.

På møte med Fylkesmannen, 06.01.16, der også Bufetat, IMDi og Husbanken var tilstades vart behovet for busetting av einslege mindreårige halde fram som prekært, og denne saka handlar kun om dette. Talet på einslege mindreårige som Austrheim kommune eventuelt tek i mot tel inn i tal på flyktningar ein tidlegare har vedteke. I sak 045/15 gjorde ein vedtak om å ta imot 10 flyktningar i 2016. Tek ein i mot 15 einslege mindreårige utgjør desse 5 halvparten av det ein har forplikta seg til gjennom vedtaket.

I Austrheim har vi no busett 34 flyktningar, dette er inkludert familiegjenforening. Vi har ikkje tidlegare teke imot einslege mindreårige, så dette vil vera ei ny erfaring for oss.

Bufetat har informert oss om at dei borna som no ventar på busetting alt har fått opphald i Noreg, og at det i all hovudsak er Afganske guttar mellom 10 og 16 år. Dei er ofte eldste sonen i familien, har reist åleine i 4-5 månader for å koma til Noreg. Mange av dei er resurssterke, men kan ha lite skulegong.

## Vurdering

I arbeidet med denne førespurnaden frå Fylkesmannen har ein i tillegg til ovanfor nemnde møte også hatt dialog med barnevernet i Lindås kommune som driftar eit bufellesskap i Isdalstø. Her kan dei visa til gode resultat og ein meiner at dette er eit godt opplegg. Rådmannen ser for seg etablering av eit bufellesskap etter modell av bufellesskapet i Isdalstø.

I vurderinga vil rådmannen peika på følgjande:

### 1. Antal einslege mindreårige

Rådmannen rår til at ein tek imot totalt 5 einslege mindreårige flyktningar i 2016/2017. Bakgrunnen for talet er erfaringar som andre kommunar har gjort seg når ein brukar bufellesskap som form. Dette handlar mellom anna om å få ei god økonomisk drift i eit slikt tiltak.

### 2. Buform

Det kan sjå ut som om bufellesskap er det mest aktuelle her i Austrheim. Dette ut frå erfaringar som andre kommunar har gjort seg, og dette er eit tiltak som også Bufetat anbefaler. Også Fylkesmannen meiner at dette er ei god ordning. Alternativet kan vera å etablere ein institusjon, bruke fosterforeldre, hybel med tilsyn, vertsfamiliar, barnevernsinstitusjon eller slekt som bur i nærleiken.

### 3. Husvære

Rådmannen kan ikkje sjå at kommunen har rette type husvære tilgjengeleg pr. dag dato. Anbefalingar frå Bufetat er at eit bufellesskap må innehalda stove, kjøkken, 5 gode soverom til borna, eit eller fleire aktivitetsrom, to bad, samt to soverom evt med felles bad og evt eit lite kontor til dei ansatte. Det kan vera ein fordel om husværet også har ei lita leilighet som ungdommar på veg ut av bufellesskapet kan leige og dermed få prøve seg på eigen hand.

Bufellesskapet bør plasserast i gangavstad frå ein av skulane våre og nært offentleg kommunikasjon. Kanskje vil det ideelle vera i kommunesentrum for å ha nærleik til også vidaregåande skule, idrettsanlegg, offentlege tenester og vaksenopplæringa. Å skaffe bustad som høver kan by på utfordringar, men det er nok ikkje umogleg.

### 4. Bemanning

Om ein føl malen til Lindås kommune i bufellesskapet i Isdalstø, så samsvarar det godt med anbefalingar frå Bufetat som seier 2 tilsette pr 5 born. Anbefalingar kommunen har fått seier at ein bør ha medlevertturnus. Dette inneber 8 ansatte i bufellesskapet og i tillegg 1 person til å leie dette administrativt. Eit slikt bufellesskap for born under 15 år er underlagt barnevernet og det er Bufetat som har saksansvar for busetting. Totalt vil dette betyr 9 heile stillingar. Dei tilsette bør ha relevant høgskuleutdannng, t.d.barnevernspedagog, pedagog, sosionom, vernepleiar eller liknande. I følgje Bufetat er det populært å jobbe med desse ungdommane og i ei slik turnusordning som her er skissert.

Erfaring frå andre kommnar tilseier at det er viktig at leiar for bufellesskapet vert tilsett 3 månader før bebuarane kjem, og dei ansatte i bufellesskapet bør ha tilsetting ein månad før oppstart. Dette for å gjera ei god førebuing, felles planlegging, skulering etc. Dette er også innanfor støtteordninga frå Bufetat (rundskriv Q-05/2015)

Kvar einskild bebura skal ha oppnemd sitt eige verge.

### 5. Økonomi

Bufetat dekkjer 80 % av alle buutgifter og ein får 10 % dekkja gjennom integreringstilskot.

I tillegg peikar Fylkesmannen på at kommunane også får innbyggjartilskot gjennom rammeoverføringane slik at det å busetja einslege mindreårige flyktningar vert fullfinansiert.

Oversikta over økonomien kommunen har fått frå Fylkesmannen ser slik ut:

Hva	Beløp*
Integreringstilskudd	696 200 kr fordelt over 5 år
Særskilt tilskudd for enslige mindreårige flyktninger	191 300 kr (pr år inntil personen fyller 20 år)
Norsk og morsmålsopplæring i grunnskolen	10 500 kr (pr år i integreringstilskuddperioden)
Tilskudd til opplæring i norsk (fra 16 år)	ca. 111 300 kr fordelt over 3 år
Refusjon fra Bufetat, jf BLDs rundskriv Rundskriv Q-05/2015	Staten refunderer deler av utgiftene til kommunale barneverntiltak for enslige mindreårige asylsøkere og flyktninger m.fl.
Særskilt tilskudd ved funksjonshemminger og atferdsvansker	175 900 (engangstilskudd), eller inntil 1 080 000 (kan gis årlig i inntil fem år)
Husbankens ordninger:	Inntil 40 % tilskudd til boliger som skal brukes til bosetting av enslige mindreårige Bostøtte fra den enslige mindreårige fyller 18

Å stipulere kostnader for eit slikt bufellesskap er svært vanskeleg, men løn vil utgjera om lag 5 millionar, så kjem daglege kostnader til borna samt leigeutgifter/kapitalkostnader etc. Men i følge Bufetat, Fylkesmannen og IMDi skal samla tilskota og støtteordningane gjera at dette går tilnærma ut i 0.

## 1. Samarbeid med andre

- Barnevern
- NAV/flyktningekonsulent
- Skule
- Kultur

Det vil vera viktig for å lykkast med integrering av 5 einslege mindreårige at det vert oppretta eit godt og tett samarbeid med frivillige lag og organisasjonar, eldsjeler/ressurspersonar og andre det vil vera naturleg å forhalda seg til.

Vidare er det avgjerande med eit godt samarbeid og god involvering frå dei ulike fagetatane i kommunen:

- Barnevern
- NAV/flyktningekonsulent

- Skule
  - Kultur
1. **Utfordringar**

Det er ikkje utan utfordringar å ta i mot einslege mindreårige flyktningar. Dei har ei lang reise bak seg der dei på eigen hand har teke seg til Norge. I tillegg kan dei ha hatt ei tung fortid i heimlandet med til dels lite skulegang. Samla kan dette føra til auka belastning på flerie kommunale tenester som helsetenester, skule, PPT, psykolog etc. Dette er noko ein må ha med i vurderinga når ein evt vel å seia ja til å ta imot einslege mindreårige flyktningar.

Fylkesmann Lars Sponheim la i møte med kommunen 06.01.16, vekt på at kommunane må busetja einlege mindreårige flyktningar ikkje er ein situasjon som går over, men noko som vil vera ein varig tilstand. Han anbefalte alle kommunane om å ta høgde for busetting av flyktningar i kommunale planar framover.

### **Konklusjon**

Rådmannen anbefaler kommunestyret å gjera vedtak om å etablere eit bufellesskap og ta i mot totalt 5 einslege mindreårige i 2016/2017.